

Referat frå referansegruppemøte i ST1101 22.03.2021

Til stades: Janne Aspheim, Martin Berild, Ola Lund Presterd, Martinius Theodor Singdahlsen, Jørgen Solbakken, Thomas Agung Dibpa Anandita Thrane, Ekaterina Poliakova og John Tyssedal.

Kort oppsummering

Det var lite tilbakemelding på opplegget. Det verka som om førelesingane fungerte ok for dei som stilte på dei, og likeeins for dei som var nøgde med eit opptak. Frammøte på fysisk førelesing er lågt, ca 20-25%, og på øvingsveiledning veldig lågt. Representantane sa at det var det same i andre fag og. Ei av årsakene var at det var lite fysiske førelesingar, så det var liten grunn til å dra ned på campus, og digital veiledning hadde liten appell. Det var og slik, grunna evaluering med heimeeksamen, at ein del av faga som studentane tok i parallell, hadde innført store obligatoriske øvingar som tok mykje tid. Det kunne gå ut over arbeidsinnsatsen i ST1101, der opplegget var meir tradisjonelt.

Det var generelt lite innspel til referansegruppa.